



# Bachelorgradsoppgåve

Friluftsliv på ungdomstrinnet

«Friluftsliv» in lower secondary school

Kvifor prioritere friluftslivet på ungdomstrinnet?

Why prioritize «friluftslivet» in lower secondary school?

Åslaug Hansegård

GLU360

Bachelorgradsoppgåve i  
Grunnskulelærarutdanning for 5.-10. trinn

Lærarutdanning  
Høgskolen i Nord-Trøndelag - 2015



**HINT**

# SAMTYKKE TIL HØGSKOLENS BRUK AV KANDIDAT-, BACHELOR- OG MASTEROPPGAVER

Forfatter(e): Åslaug Hansegård

Norsk tittel: Friluftsliv på ungdomstrinnet  
Kvifor prioritere friluftslivet på ungdomstrinnet?

Engelsk tittel: «Friluftsliv» in lower secondary school  
Why prioritize «friluftsliv» in lower secondary school?

Studieprogram: Grunnskulelærarutdanninga 5.-10. trinn

Emnekode og navn: GLU 360 Bacheloroppgåve

Vi/jeg samtykker i at oppgaven kan publiseres på internett i fulltekst i Brage,  
HiNTs åpne arkiv

Vår/min oppgave inneholder taushetsbelagte opplysninger og må derfor ikke  
gjøres tilgjengelig for andre

Kan frigis fra: 26.05.15

Dato: 25.05.15

Åslaug Hansegård  
underskrift

underskrift

underskrift

underskrift

## **Samandrag**

Bacheloroppgåva mi tek for seg temaet friluftsliv på ungdomstrinnet og kvifor ein bør prioritere nettopp dette. Det er forankra både gjennom læringsmåla for kroppsøvingsfaget og gjennom den generelle delen av læreplanen. Det er ulikt i kor stor grad friluftslivet er vektlagt på ungdomsskulen. Eg vil med denne oppgåva sjå på kva friluftslivet kan tilføre skulen gjennom det eg finn i litteraturen og gjennom intervju med folk som har erfaringar med dette.

I fyrste delen av oppgåva har eg gått djupare inn i teorien som dannar bakgrunnen for oppgåva og det som blir grunnlaget for drøftingsdelen. Eg har sett meir på kva omgrepet *friluftsliv* omfattar og kva rolle friluftslivet har i skulen i dag. Teori rundt naturtilhøyre, identitet og fellesskap blir vidare trekt fram. Oppgåva er basert på ei kvalitativ tilnærming med fire intervju av tidlegare elevar og initiativtakar ved ein ungdomsskule som har satsa på friluftsliv. Resultatdelen er framstilt gjennom hovudfunna og sitat frå intervjua som blei gjennomført. Resultata viser at det var ei generell oppfatning av at elevane meiner det er bra at det blir satsa på noko litt *annleis* på ungdomsskulen og at det har ført til at dei har fått opplevingar dei elles kanskje ikkje ville ha fått. Friluftslivet er også med på å skape ein fellesskap i klassen og forhold til naturen og kjennskap til nærområdet. Eitt av måla for opplegget er at turane skal vere identitetsskapande for dei ungdommane som bur i bygda der ungdomsskulen ligg. Desse resultata er saman med teoridelen grunnlaget for drøftinga. I drøftingsdelen har eg prøvd å trekke trådane mellom det informantane sa og det teorien seier om temaet.

## **INNHOLD**

<b>1.</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
<b>2.</b>	<b>TEORI .....</b>	<b>2</b>
<b>2.1.</b>	<b>Kva er friluftsliv? .....</b>	<b>3</b>
2.1.1.	Forskjell på uteskule og friluftsliv i skulen .....	4
<b>2.2.</b>	<b>Naturtilhøyre, naturglede og avstand til naturen .....</b>	<b>4</b>
<b>2.3.</b>	<b>Identitet, trivsel og fellesskap .....</b>	<b>6</b>
<b>2.4.</b>	<b>Friluftsliv i skulen.....</b>	<b>7</b>
2.4.1.	Friluftslivsopplegget Fri Nat ved Vang barne- og ungdomsskule .....	9
<b>3.</b>	<b>METODE .....</b>	<b>9</b>
<b>3.1.</b>	<b>Val av metode .....</b>	<b>9</b>
<b>3.2.</b>	<b>Gjennomføring og utval til intervju .....</b>	<b>10</b>
<b>3.3.</b>	<b>Analyse .....</b>	<b>11</b>
<b>3.4.</b>	<b>Etiske betraktingar .....</b>	<b>11</b>
<b>3.5.</b>	<b>Gyldigheit og pålitelegheit .....</b>	<b>12</b>
<b>3.6.</b>	<b>Forforståing .....</b>	<b>12</b>
<b>4.</b>	<b>RESULTAT .....</b>	<b>13</b>
<b>4.1.</b>	<b>Naturtilhøyre, naturkjensle, verdiar .....</b>	<b>13</b>
<b>4.2.</b>	<b>Forhold til friluftsliv.....</b>	<b>14</b>
<b>4.3.</b>	<b>Identitet, fellesskap og trivsel.....</b>	<b>15</b>
<b>5.</b>	<b>DRØFTING .....</b>	<b>17</b>
<b>5.1.</b>	<b>«Det var sånn krydder som du gikk og glede deg til på skola» .....</b>	<b>17</b>

5.2.	«For det er noe med å ha opplevd noe felles, sammen» .....	18
5.3.	«Oppføre seg fint i naturen og kose seg med det» .....	19
5.4.	Metodevurdering .....	21
6.	AVSLUTNING OG NYE FORSKNINGSSPØRSMÅL .....	21
7.	REFERANSER .....	23
8.	VEDLEGG .....	25
8.1.	Intervjuguide 1: Intervju med initiativtakar (David) .....	25
8.2.	Intervjuguide 2: Intervju med tidlegare elevar .....	26

## 1. INNLEIING

I denne oppgåva har eg vald å ta for meg friluftsliv på ungdomstrinnet og sjå nærmere på dei moglegheitene dette byr på. Grunnen til dette valet er at eg sjølv har hatt gode opplevingar med friluftsliv på ungdomsskulen, og eg har gjennom fritid, utdanning og turleiing sett kor mykje glede og samhald opplevingane i naturen kan gje ungdom. Eg har difor valt å ta for meg problemstillinga *Kvifor prioritere friluftslivet på ungdomstrinnet?* Dette er ei nokså vid problemstilling, men eg vil i oppgåva sjå kva friluftslivet kan bidra med i skulekvardagen blant anna for å kunne legitimere det at eg i mi lærarrolle har lyst til å leggje til rette for friluftsliv i skulekvardagen. Allereie før eg byrja å utforske temaet og problemstillinga var eg klar over at det er mange argument for drive friluftsliv på ungdomstrinnet, men eg har valt å sjå nærmere på det som kom fram av intervjua mine, kva verdiar og argument som stakk seg serleg fram. Desse blir presentert seinare i oppgåva.

Friluftslivet har ein plass i den norske skulen. I tillegg seier Kunnskapsløftet at ein tredjedel av kroppsøvingsfaget skal vera friluftsliv. Den den generelle delen av læreplanen seier:

*«Samtidig må opplæringa fremje glede over fysisk aktivitet og naturens stordom, over å leve i eit vakkert land, over linjer i landskap og veksling i årstider. Og ho bør gjere ein audmjuk andsynes det uforklarlege, glad over friluftsliv, nøre hugen til å ferdast utanfor oppstukne vegar, til å bruke kropp og sansar for å oppdage nye stader og til å utforske omverda.*

*Friluftsliv rører både kropp, sinn og tanke. Fostringa må leggje vekt på samanhengen mellom naturforståing og naturoppleving: kunnskapen om elementa og om samspelet i livsmiljøet må gå saman med erkjenninga av at vi er avhengige av andre arter, samkjensla med dei og gleda over naturliv.» (Utdanningsdirektoratet, 2011).*

Avsnittet «*Naturglede*» under kapittelet «*Det miljømedvitne mennesket*» knyter nettopp friluftslivet opp mot læring og samspelet mellom mennesket og naturen. Det blir her sett på som eit bidrag til å gjere elevane medvitne si rolle, og at det kan vere med på å få i gang tankar rundt berekraft, samstundes som det er ei kjelde til glede og nysgjerrigkeit.

Det er i skulen eit aukande fokus på læreplanmål, kunnskap og måloppnåing, noko som gjer handlingsrommet til læraren snevrare, og dette rommet blir mindre di høgare ein kjem opp i klassetrinna. I barneskulen, og serleg på småtrinnet har mange skuler etablert ein praksis at

ein tek med elevane ut, om det er for turar, bålkos, leikar eller uteskule. Dei fleste opplever at ettersom ein blir eldre blir det mindre av desse aktivitetane. Større læringspress, nasjonale prøver og internasjonale testar er med på å påverke kor stort handlingsrom kvar skule og kvar enkelt lærar har. For er det slik at elevar får mindre behov for alternative læringsarenaer og opplevingar i skulen? Det trur eg verkeleg ikkje. Avstanden til naturen og det opprinnlege har heller aldri vore så stor som den er no. Faarlund etterlyser eit skuleverk som kunne lære oss å bruke naturen; «*Fortrolighet med fri natur må igjen bli et selvsagt innslag i norsk folkeskikk*» (Repp, 2001). Kanskje det ligg noko i nettopp dette. Friluftsliv er for mange ein viktig ingrediens i fritida, men det ligg ikkje til rette for at alle skal kunne ta del i denne goden. Då kan skulen vere ein arena der ein møter fleire. I tillegg omfattar omgrepet *læring* så mykje. Skulen er ein institusjon for læring, men som Tordsson seier om læring i boka «Perspektiv på friluftslivets pedagogikk»:

«*Det drejer sig ikke kun, eller i første række, om enkeltfærdigheder og speciafkundskaber. «Læring» i denne mening gælder menneskets grundlæggende forhold til sig selv, til andre mennesker og til den verden det lever i. (...) «Læring» (er) i denne forståelse ikke noget som sker ene og alene i formelle undervisningssituitioner.*» (Tordsson, 2006).

Eg tenkjer at det handlar om mykje av det same som den generelle delen av læreplanen. Det handlar om at skulen har ei oppgåve utover dei skuleteoretiske måla som er skildra, men skal også ta del i ungdommen sin danningsprosess, ein prosess som går langt utover skulegangen. I denne oppgåva vil eg sjå på kva friluftsliv og opphald i naturen kan vere med å bidra til i skulen. Dette gjer eg ved å hovudsakleg ta utgangspunkt dei erfaringane elevar og initiativtakar for friluftslivssatsinga FRI-NAT ved Vang barne- og ungdomsskule har gjort seg.

## 2. TEORI

I dette kapittelet vil eg presentere sentral teori som dannar hovudgrunnlaget for problemstillinga mi og for drøftinga av resultata eg har fått. Det som er mest føremålstenleg etter mi oppfatning, er å sjå på omgrepet friluftsliv, kva ein legg i dette, friluftsliv som ein del av skulen og korleis det er forankra i læreplanar. Eg vil sjå på forsking som er gjort rundt forholdet ungdom har til friluftsliv, og kva heldige effektar friluftslivet kan ha for folk generelt, men også i skulesamanheng. Eg vil også sjå på mennesket sitt forhold til naturen. På denne måten ser eg på kvifor det er positivt å nytte tid på friluftsliv på ungdomstrinnet.

## 2.1. Kva er friluftsliv?

Å definere omgrepet friluftsliv kan vere vanskeleg då det er så mange tolkingar av omgrepet og det kan famne om så mykje. Ein seier ikkje at ein skal ut å gjere friluftsliv, ein vel som regel å seie meir konkret kva aktivitet ein skal drive med. Men når ein snakkar om friluftslivsaktivitetar skil ein gjerne dette frå idrettsaktiviteten. Kva skil for eksempel det å gå på skitur og ski som treningsform? Det er for å vite at ein har ei felles oppfatning av omgrepet at det er interessant å sjå nærare på det. Omgrepet er også mangetydig sidan det kan vurderast ut frå fleire perspektiv. Det kan blant anna sjåast på som ein brei og folkeleg aktivitet, ei pedagogisk arbeidsform og ein tradisjon (Mytting, 2008). Fritjof Nansen skildra allereie på si tid friluftslivet som "...*det frie, enkle livet, i ren luft, som gir det opprinnelige i oss sin rett igjen.*" (Nansen, referert i Haslestad, 2000, s. 8). Friluftsliv er eit omgrep som blir brukt på ulike måtar då det ikkje er ei eintydig forståing av det. Politisk sett blei det ikkje definert før på 70-, 80-talet gjennom blant anna Stortingsmeldingar. I Stortingsmelding nr. 40 1986-87 blir friluftsliv definert som mosjon, rekreasjon og naturopplevelsing. I 1998 bad Stortinget regjeringa blei regjeringa om å ta ein gjennomgang av friluftspolitikken. Det resulterte i Stortingsmelding nr. 39, (2000) «Friluftsliv - ein veg til høgare livskvalitet». Her blir friluftsliv definert som «*Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelser.*» (St.meld. nr. 39: Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet , 2001, s. 26). Norsk institutt for naturforsking er ueinig i denne definisjonen sidan dei meiner at den er for verdilada og snever og har difor denne definisjonen: «*Friluftsliv er fritidsbruk av natur*» (Kurtze, 2009).

Friluftsliv kan forståast på ulike måtar og nyttast på ulike måtar. Dette fører til at det er store variasjonar i korleis det blir praktisert (Alme, 2012). Mytting og Bischoff meiner at opplevelinga er det sentrale i friluftslivet. Vårt forhold til naturen og naturopplevelsinga vi har er ein del av den kulturelle sjølvoppfatninga vår og står difor sentralt i den nasjonale identiteten (Mytting, 2008). Definisjonen som blir nytta i St.meld. 39 fokuserer på at handlingsmåten, altså den fysiske aktiviteten i friluft, skal føre til miljøforandring og naturopplevelsingar. Det er viktig at ein støttar opp om det miljøvennlege friluftslivet (St.meld. nr. 39: Friluftsliv- Ein veg til høgare livskvalitet, 2001).

Dei nemnde definisjonane er av nyare dato, men dei er resultat av ein kultur og tradisjon som har utvikla seg over lang tid. Friluftslivet slik vi kjenner det i Noreg, byggjer på to

hovudtradisjonar:. Den eine byggjer på korleis menneska på bygdene nyttar naturen i form av beiteområde og matauk. Frå midten av 1800-talet vaks det fram eit overskots- og fritidsliv i naturen. Økofilosofien har vore med på å danne grunnlaget for det friluftslivet vi kjenner i dag. Faarlund skildrar det som eit «overskuddsliv i naturen». At naturen som verdi i seg sjølv er sentralt i økofilosofien (Sølvik, 2013).

### **2.1.1. Forskjell på uteskule og friluftsliv i skulen**

I denne oppgåva er det naudsynt å poengtere at når det er snakk om friluftslivssatsing i skulen, er dette ikkje med tanke på den tradisjonelle uteskulen. Sjølv om friluftslivet og uteskuleundervisning ofte deler uteområde, er ikkje det sagt at det har det same innhaldet.

Jordet definerer uteskule som:

*«...en måte å arbeide med skolens innhold på hvor elever og lærere bruker nærmiljø og lokalsamfunn som ressurs i opplæringen – for å supplere og utfylle klasseromsundervisningen. Uteskole innebærer regelmessig og målrettet aktivitet utenfor klasserommet»* (Jordet, 2010).

Altså er uteskule mykje meir retta mot læringsaktivitetar som er i tråd og eit supplement til undervisninga i klasserommet. Mange forbitt nok uteskule hovudsakleg med bål, tur og leik i naturområdet tilknytta skulen, noko som har eit friluftslivspreng over seg. Men uteskulen skal innehalde så mykje meir. Uteskule varierer svært mykje mellom skular. Enkelte kan kalle det for uteskule så fort ein er ute av klasserommet, medan andre stiller strenge krav til både læringsmål og førebuingar (Abelsen 2002). Definisjonen til Jordet kan takast i betrakting til Utdanningsdirektoratet sin definisjon av friluftsliv *«Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelser.»* (St.meld. nr. 39, 2011, s. 26).

Denne definisjonen er fri for omgrep som undervisning, målretta og opplæring, men tar sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Tar ein også Nansen sin definisjon i betrakting, er friluftslivet mykje friare for tolking enn det uteskule er.

### **2.2. Naturtilhøyre, naturglede og avstand til naturen**

Friluftslivstradisjonen har stått sterkt i Noreg, noko den framleis gjer (Fiskum & Husby, 2014). Mange grunngjev friluftsliv med at mennesket kjem frå naturen, og det er difor også biologisk tilpassa og på andre måtar tilpassa livet i naturen. Tilveret i det moderne samfunnet derimot er med på å undertrykke delen av å vere mennesket ved at vi no er meir distanserte til naturmiljøet enn tidlegare (Tordsson, 2006). Større delar av folk i verda busett seg i byar. Aktivitetane blir meir organiserte og institusjonaliserte, og mesteparten av matproduksjonen

er industrialisert. Avstanden til naturen blir større og større, og naturen blir i aukande grad eksotisk. Dette skapar framandgjering og utfordringar knytt til det å gjere unge glade i og interesserte i naturen (Fiskum & Husby, 2014). Difor er den kontakten menneske får med naturen på fritida verdifull. Då kan vi gjenkjenne vår eigentlege natur gjennom å nytte alle sansane våre og oppleve tilveret slik det er i seg sjølv (Tordsson, 2006). Framandgjeringa av naturen kan også føre til frykt for den og dei opplevingane ein får. Dette blir kalla for «Nature-Deficit disorder» som er eit omgrep med røter i USA. Dette handlar om at lite kunnskap og erfaring og oppblåsing av risikoen rundt det å opphalde seg i naturen fører til at engstelege foreldre heller held borna sine innandørs (Skaugen, 2014). Frykt som resultat av urealistiske element i naturen på grunn av medieoppslag kan nok også i Noreg føre til at foreldre spreier frykt til borna sine. Om elevane er redde og har frykt, kan dette gjere det vanskelegare å skape glede rundt natur og friluftsliv. Ein sunn respekt for utfordringane som naturen byr på, er naudsynt. Men blir frykta den dominerande kjensla i naturmøtet, fører ikkje det til eit godt møte. Difor er det viktig at ein får kunnskap om og erfaringar med naturen slik at ein veit kva som er farleg. I skulen må ein gje elevane gode naturopplevingar med trygge vaksne. Det kan vere med på å danne sunn respekt for utfordringane ein møter på (Fiskum & Husby, 2014). Nature-Deficit disorder er gjort kjent av Richard Louv som presenterte dette omgrepet etter å ha gjort undersøkingar som involverte barn og foreldre og kva forhold dei har til naturen. At barn er mykje mindre ute og meir passive, er med på å skape åfferdsproblem. Han meiner at foreldre og media er med på å skremme unge frå skogen og uteområda. I tillegg er tilgangen til naturlege uteområde mange stader begrensa og det blir brukt stadig meir tid på skjermbaserte aktivitetar innandørs (Louv, 2005) Enkelte argumenterer for at menneska instinktivt har eit behov for naturen, dette er kalla biophilia hypothesis, og har trua på meir nærliek til naturen i undervisninga (Kahn, 2015). Bjørn Tordsson seier noko av det same, at vi kan identifisere oss med naturen og kjenne at vi høyrer heime i den (Tordsson, 2006).

Næss ser på omgrepet naturkjensle som ei positiv kjensle ein har for område som ikkje openbart er dominert av menneskeleg verksemnd. Han meiner at det sosiale livet ofte er sterkt prega av press frå ulike retningar utanfrå, og at dei krava vi møter, ofte kjem i konflikt med kvarandre. Dette skapar vidare eit ynskje om å vere i omgivnader der ein får ei klarare kjensle av kven ein er (Næss, 1998). På 1960-talet blei den økologiske krisa teken opp som eit politisk og sosialt problem. Belysinga av dette problemet fekk fram dei ulike tankane folk hadde om naturen. Mange var av den oppfattinga at verdien til naturen var å tene

menneskelege mål, medan den andre sida meinte at naturen har ein eigenverdi som er uavhengig av kva mål menneska måtte ha med den. Dei som meinte dette, kjente at grove inngrep i stader dei var glade i, berørte dei også (Næss, 1998). Demonstrasjonane rundt utbygging av Altavassdraget er eit klart eksempel på dette. Her kom fleire interesser i strid med kvarandre, men også personlege kjensle og kjærleik til dette vassdraget var med på å heite opp denne aksjonen. Økosofane har eit heilheitssyn som gjer til at ein er villig til å ta omsyn til den økologiske krisen ein kjenner trugar (Ibid.) Dette kan ein kople opp mot berekraftig tankegang, at dersom ein har ei naturkjensle, vil ein også handle ut frå dette. Det er som den franske oppdagaren Jacques Yves Cousteau sa «Folk vernar om det dei er glade i» (Meløy, 2011). I følgje ei kartlegging gjennomført av Vestlandsforskning (referert av Råd for øko-filosofi, 2010) av forbruksvanar for perioda 1987-2007 som er knytt opp mot klima- og energiproblematikken, viser det seg at aktive fritidsbrukarar av natur ikkje kjem så godt ut. Dette kjem av blant anna lang transport til turmål og ekstra utstyr for å drive med friluftslivsaktivitetane (Råd for øko-filosofi, 2010).

### **2.3. Identitet, trivsel og fellesskap**

Identitet kan sjåast på som eit knutepunkt mellom personleg læring og ytre kulturelle prosessar (Sande, 1998). Identitet er oppfatninga vi har av oss sjølve som den same på tvers av rom og tid. Det er ei kjensle som ikkje forandrar seg. Den er konstant på tvers av ulike situasjonar. Ved å ha identitet kjenner ein seg sjølv, veit kva som er viktig for ein, altså kva ein står for. Identitet er sosialt betinga ved at ein også kjenner at ein høyrer til ein stad, for eksempel i klassen eller i ei gruppe. Dette er med på å gje stabilitet og kjensle av sosial forankring. Identiteten kan bli truga av endringar i miljøet, og i samfunnet som stadig blir meir komplekst kan det vere utfordringar i å bevare seg sjølv med ei trygg kjensle av å vere ein «heil person» (Imsen, 2010). Filosofen Spinoza uttrykkjer kjensla av å vere eit heilheitleg menneske som «*Acquiescentia in se ipso*» som betyr «ei ro i seg sjølv». Næss meinar at denne roa som Spinoza skildrar kan ein finne nettopp ute i naturen, på fjellet, ved sjøen, i skogen (Næss, 1998). Skulen skal hjelpe elevane til å meistre livet sitt for at dei skal kunne delta i samfunnet. Skulen skal også vere med på å ruste elevane til å bli sjølvstendige og frie menneske (Jordet, 2010). I skulen kan ikkje det individualistiske fokuset ta overhand sidan ein skal vere med på å sikre at elevane blir «gangs menneske» som fungerer i samfunnet. Identitet heng tett i hop med fellesskapen, og ein er avhengig av fellesskapstanken dersom ein skal halde samfunnsverdiane i hevd (Imsen, 2010). Identitet blir danna gjennom kommunikasjons- og samhandlingsprosessar med seg sjølv, andre og naturen. Naturen er noko solid,

evigvarande og konsistent som kan danne ei form for heilheit, ein arena som legg til rette for identitetsbygging. Mennesket skapar identitet ved at eigen autonomi blir avhengig av omgivnadene. Identitetsbygging handlar også om å setje grenser for seg sjølv og å vise ein forskjell til andre personar sin smak (Sande, 1998).

Fellesskap kan definerast som ei gruppe menneske som uttrykkjer ei felles grense overfor «dei andre» og utviklar ei felles kjensle som «vi». Ritual er med på å skape band mellom personar sitt indre og fellesskapet sine ytre opplevingar og er med på å skape sosiale band og solidaritet mellom menneske. Rituelle handlingar kan for eksempel vere friluftsliv. Det å gå på tur kan vere ei form for rituell handling som gir folk ei kjensle av tilhøyre i eit fellesskap. Friluftsliv kan sjåast på som ei handling som forandrar kjensla av verkelegheit og difor også meinings med livet, oss sjølve, fellesskapet og samfunnet. Det å ta ein «time out» i kvardagen gjennom friluftslivaktivitet kan gje oppleving av meinings. Sidan det gir ei oppleving av meinings er friluftslivshandlingane noko ein må gjenta for å kunne vedlikehalde meiningsa (Ibid.).

Opplæringslova sin formålsparagraf seier noko om at skulen skal hjelpe elevane å mestre livet slik at dei kan delta i samfunnet:

*«Elevane (...) skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. (...) Skolen (...) skal møte elevane (...) med tillit, respekt og krav og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst (§1-1) (Lovdata, 2008).*

Oppleving av meistring, anerkjenning og det å lukkast vil vere med på å utvikle ein identitet som seier elevane at dei er verdifulle og at dei dug. Elevar som kjenner at dei mestrar oppgåver, vil kjenne bekrefting, noko som fører til at dei vil eksponere andre sider av seg sjølv og vil då lære meir (Jordet, 2010). Livet i naturen blei sett på som serleg eigna til å utvikle gode fellesskap der den enkelte blir opplært i sosiale «dyder» til å bli frie samfunnsborgarar, åndeleg, kulturelt og intellektuelt høgreist. Det sosiale livet som industrien og byen deformerer er naturen med på å rette opp igjen (Tordsson, 2006).

## **2.4. Friluftsliv i skulen**

Utdanningsdirektoratet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 39 sin definisjon av omgrepene når dei skildrar friluftsliv i norsk skule. Det blir lagt vekt på at friluftslivet ikkje skal vere konkurranseprega, ikkje motoriserte fritidsaktivitetar, og det skal foregå i område som er naturprega og allment tilgjengelege (Utdanningsdirektoratet, 2011). Dei styrande dokumenta

for ungdomsskulen er læreplanane som er utvikla gjennom Staten. Norske skuler er pålagde å fylgje desse frå Stortinget og underliggende styringsorgan. Den gjeldande læreplanen er Kunnskapsløftet eller LK-06. I desse planane er det festa mål for kva mål elevane skal beherske i dei ulike faga og kva omfang faga har. Kunnskapsløftet presenterer friluftsliv som eit av tre hovudområde i kroppsøvingsfaget (Engelsen, 2014). Ein kan også finne friluftsliv nemnd i den generelle del av læreplanen under kapittelet «Det miljømedvitne mennesket»:

*«Friluftsliv rører både kropp, sinn og tanke. Fostringa må legge vekt på samanhengen mellom naturforståing og naturoppleving: kunnskapen om elementa og om samspelet i livsmiljøet må gå saman med erkjenninga av at vi er avhengige av andre arter, samkjensla med dei og glede over naturliv.»* (Utdanningsdirektoratet, 2011).

Det er begrensa kor mykje undervisningstid ein er forplikta til å nytte til friluftsliv, men det kan også nyttast som ei pedagogisk metode. Læraren si eigeninteresse for friluftslivet og skulekulturen er nok faktorar som spelar like så stor rolle for prioritering av friluftsliv på ungdomstrinnet som sjølvre læreplanen. Friluftslivet i skulen skal i følgje Utdanningsdirektoratet bidra til verkelegheitsnær læring for betre forståing av ein rekke tema i alle skulefag, fysisk aktivitet, naturoppleving for å vidare sjå samanhengen mellom natur og menneske, og det skal bidra til godt sosialt miljø. Det skal sikrast gjennom kroppsøvingsfaget, som pedagogisk metode for verkelegheitsnær læring og som ein del av den samla fysiske aktiviteten i skulekvardagen (Utdanningsdirektoratet, 2011).

Friluftsliv i skulen er såleis både ein pedagogisk metode og eit bidrag til fysisk aktivitet. Med tanke på den pedagogiske metoden meiner Utdanningsdirektoratet at naturen, samfunnet og nærmiljøet rundt oss er ei verkelegheit som ein ikkje tar fullstendig innover seg om ein kun oppheld seg i klasserommet. Difor er det naudsynt at elevar får erfaringar sansemessig og kroppsleg ved å vere i naturmiljøet. Ved at elevane får oppleve friluftsliv gjennom leik og praktisk uteundervisning blir det meir fysisk aktivitet noko som kan gje elevane gode opplevingar og ei nysgjerrigkeit som gjer at elevane søker desse aktivitetane også utanom skuletid (Utdanningsdirektoratet, 2011). NINA, Norsk institutt for naturforskning, gjennomførte i 2013 ei undersøking blant foreldre der det viste seg at dei med lågare inntekts- og utdanningsnivå meinte at SFO og skule var den viktigaste arenaen for opphold i natur- og grøntområde. Foreldre med høgare inntekts- og utdanningsnivå meinte derimot at hytteliv, helgeturar og feriar sikra naturkontakten i større grad. Nettopp difor kan skulen vere med på å sikre at alle opplever naturkontakt og får eit auka aktivitetsnivå og kan vere med på å utjamne

dei forskjellane som måtte vere blant elevane (Skår, et al., 2014). Friluftsliv har eksistert som fag i skulen i over førti år. Grunnen til at det fekk plass i læreplanen i første omgang, var at friluftslivet blir sett på som ein sentral del av den norske identiteten og kulturen.

Friluftstradisjonen i Noreg er eit nasjonalt arvegods som bidreg til å fokusere på statusen til friluftslivet i den moderne skulen, både som fagleg tilnærming men også som ein arena for leik og motorisk utvikling (Bagøien, 2003). Det blei i 1970 og 1974 utført to store friluftslivsundersøkingar av Statistisk sentralbyrå. Dette er dei første undersøkingane om dette, men truleg voks friluftslivstradisjonen mykje i etterkrigstida som ein del av gjenreisinga av landet vårt. Etter undersøkingane på 70-talet var det frykt for at oppslutninga rundt friluftslivet skulle bli mindre som eit resultat av endringar i det tradisjonelle familiemønsteret og andre former for modernisering av samfunnet som vidare kunne føre til nedgang i rekruttering til friluftslivet. Dette førte vidare til at det blei eit offentleg engasjement rundt friluftsliv og dei dei helsebringande effektane rundt dette (Odden, 2004).

Det resulterte blant anna i at friluftsliv blei integrert i skulen gjennom Mønsterplanen for grunnskulen av 1974. Det var skulen sitt ansvar at barn og ungdom skulle få kunnskap og dugleik som deltaking i friluftsliv føreset (Mytting, 2008).

#### **2.4.1. Friluftslivsopplegget Fri Nat ved Vang barne- og ungdomsskule**

I Vang kommune har dei sidan 1998 satsa på eit prosjekt kalla FRI-NAT som står for Friluftsliv og Naturopplevelingar, noko som har vorte eit permanent opplegg ved Vang barne- og ungdomsskule. Prosjektet går ut på at alle elevane ved ungdomsskulen får delta på ulike turar og aktivitetar gjennom dei tre åra dei går ved skulen. FRI-NAT har som mål å gje elevane opplevelingar i naturen, og det blir arbeidd med elevane sine dugleikar, kunnskapar og haldninga til naturen. Skulen tilbyr aktivitetar som isklattring, rafting, elvedans, toppturar, fjellturar og kiting. Det er kombinasjon av dagsturar, småaktivitetar og overnattingsturar både haust, sumar og vinter, og det er nokså faste turar på dei ulike trinna slik at elevane på førehand veit kva som ventar (St.meld. nr. 39: Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet , 2001).

### **3. METODE**

#### **3.1. Val av metode**

Eg har valt å nytte meg av ein kvalitativ forskingsstrategi og gjere intervju med tre tidlegare elevar ved skulen og initiativtakar for opplegget ved denne skulen.

### **3.2. Gjennomføring og utval til intervju**

Temaet for denne oppgåva er satsing på friluftsliv på ungdomstrinnet, og eg tek for meg ein ungdomsskule heime i Valdres som har satsa på nettopp dette. Difor var det naturleg å ta utgangspunkt i denne ungdomsskulen og oppleget FRI-NAT når eg skulle gjere eit utval til intervju mine. Eg ville finne ut kva oppleving og minne elevane har av dette oppleget og kva mål skulen/initiativtakar har med å nytte ressursar og tid på desse aktivitetane. Dette vil eg nytte i mi grunngjeving av friluftsliv på ungdomstrinnet og sjå kva erfaringar dei har gjort seg som kan vere nyttig å belyse for lesarane av denne oppgåva. For å finne ut kva erfaringar og refleksjonar dei har gjort seg fann eg det mest relevant å intervju initiativtakar for FRI-NAT og tidlegare elevar ved ungdomstrinnet. Grunnen til at eg valde å intervju elevar som gjekk ut av Vang barne- og ungdomsskule, forkorta VBU, for fleire år sidan, er nettopp at dei har fått litt avstand til denne perioden av livet og friluftslivsopplegget dei var gjennom. Eg meiner det er interessant å sjå kva dei sit att med no, kva minne som står sterkest, og kva meiningar dei har om FRI-NAT og denne type satsing. Det var viktig å få eit elevperspektiv i tillegg til skulen sin «agenda». Eg ville ha informantar som var fylt 20 år for å sikre ein viss tidmessig avstand til oppleget dei har vore gjennom. Dei skulle vere under 29 år sidan dei første elevane som var gjennom heile oppleget var født i 1986.

Initiativtakar fekk eg kontakt med gjennom Vang barne- og ungdomsskule. For å finne informantar av tidlegare elevar nytta eg meg av informasjon frå kjenningar i Vang. Eg har hørt om FRI NAT gjennom vene som har gått ved ungdomsskulen, og difor var det naturleg å ta kontakt med desse. Eg fekk nokre namn på tidlegare elevar frå alderen 21 – 29 år og tok kontakt med dei. Eg ville ha spreiling i alder og informantar av begge kjønn. I tillegg var det ønskjeleg å kunne treffe dei i påska, sidan eg skulle dit då og sjansen var stor for å få til intervju. Eg ville helst at intervjuia skulle skje ansikt til ansikt då eg synest det er den beste måten å gjennomføre intervju på. Alle som blei spurta om å delta, samtykka. Intervjuia blei gjennomført på kontoret til, og heime hjå informantar slik at intervjuia kunne skje utan forstyrringar. I forkant blei informantane informerte om temaet for intervjuet, men fekk ikkje innsyn i konkrete spørsmål. Dette for at svara skulle bli så spontane og ærlege som mogleg. Eg informerte om at intervjuia er anonyme og cirka kor lang tid intervjuet kom til å ta. Under intervjuia nytta eg meg av to ulike intervjuguidar, ein tilpassa intervju med initiativtakar og ein tilpassa tidlegare elevar. Intervjuia tok form av eit halvstrukturert intervju der eg hadde nokre relevante spørsmål planlagt på førehand, men eg såg også an kva veg intervjuet gjekk og stilte

spørsmål ut frå det. Eg kutta ut spørsmål som eg såg ikkje var relevante undervegs (sjå vedlegg 1 og 2) (Postholm & Jacobsen, 2013).

### **3.3. Analyse**

I innsamling av data nytta eg diktafon for å ta opp intervjeta slik at eg var sikker på at alt av materialet vart med. Dette transkriberte eg til skriftlege dokument. Eg valte å transkribere heile intervjeta då eg ville gjere utval av relevant informasjon gjennom kategoriseringa til resultatdelen. Eg valte å ikkje notere ned alle tenkjepausar og lydar som naturleg nok kjem under eit intervju, nettopp fordi eg ikkje meiner at det har noko å seie for innhaldet. Det var ikkje sensitive spørsmål som blei stilt som treng å ta omsyn til slike detaljar. Enkelte dialektord er skrive slik som informanten sa det fordi det ville blitt rart å skrive det om. Eg nytta kategorisering eller deskriptiv analyse som analysemetode for oppgåva mi (Dalland, 2012). Kategoriane blei til etter ein kombinasjon av deduktiv og induktiv metode då eg gjekk ut frå teorien eg på førehand hadde sett meg inn i, men eg såg også an materialet eg fekk frå intervjeta. Så med utgangspunkt i relevant teori og kva retning intervjeta gjekk blei kategoriane:

- 1) Naturtilhøyre, naturkjensle og verdiar
- 2) Forhold til friluftsliv
- 3) Identitet, trivsel og fellesskap

Eg ville gjennom intervjet belyse nokre tema gjennom fleire spørsmål eg stilte informantane. Ved å kategorisere materiale som høyrer saman til samanhengande tekstar er det eit betre utgangspunkt for vidare tolking av dei resultata eg har fått (Postholm & Jacobsen, 2013). Intervjeta blei omfattande, og det er ikkje all informasjon som er like relevant for oppgåva, og ein må difor avgrense datamaterialet utan å miste essensen av det. I analyseperioden blei intervjeta vidarearbeidde ved at eg transkriberte dei innspelte intervjeta til tekstform. Det eg syntest var relevant for oppgåva, kategoriserte eg og skreiv om til samanhengande tekst. Dette er presentert i resultatdelen av oppgåva.

### **3.4. Etiske betraktnigar**

I arbeidet med ei slik oppgåve der ein involverer informantar, må ein ta stilling til dei etiske aspekta ved oppgåva. Ein må tenkje gjennom kva etiske utfordringar arbeidet medfører og korleis desse kan handterast (Dalland, 2012). Ein må som forskar vere medviten sin bakgrunn og kva dei antakingane og den forforståinga ein sit med kan føre med seg, men ha informantane i fokus og fremje meininger og informasjonen dei kjem med så konkret som

mogleg. For å ivareta anonymitet nyttar eg andre namn på informantane, Anne, Berit og Christoffer. Initiativtakar kallar eg for David. Eg har vald å presentere skulen og friluftslivsopplegget i oppgåva fordi eg meiner det er eit poeng då oppleget er unikt med tanke på den satsinga som er gjort. Eg meiner at det er ein fordel at lesaren av oppgåva bit seg merke i at det er FRI-NAT det er snakk om då dette kan vere med å inspirere andre. I tillegg er oppleget blitt trekt fram som eit godt eksempel og gjort kjent gjennom St.meld. nr. 39 (St.meld. nr. 39: Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet , 2001). Oppgåva blir også meir truverdig ved at lesaren veit kva opplegg det er snakk om. Anonymiteten til informantane blir likevel ivaretakke då det er mange elevar som har vore gjennom oppleget på skulen. Eg vel å ikkje nemne bakgrunnen til informantane og alder på kvar og ein av dei for å ivareta anonymitet.

### **3.5. Gyldigheit og pålitelegheit**

Intervjuguidane er lagt ved som vedlegg til oppgåva, og der kjem «den raude tråden» for intervjeta fram. Eg følgde ikkje denne slavisk då eg tilpassa intervjeta litt etter kva informasjon informantane kom med. Ved at eg har vald å gjere intervju med vaksne informantar, har eg kunna spurt om nettopp det eg har lurt på. Innsamlinga av informasjon har difor vore temmeleg direkte. Likevel har eg kanskje ikkje fullt belegg for dei slutningane eg dreg i oppgåva, men eg har prøvd å framstille og tolke det på best måte.

### **3.6. Forforståing**

Bakgrunnen og forforståinga mi *kan* og *er* nok med på å påverke kva spørsmål eg stiller og korleis eg vinklar intervjeta. Mi forforståing vil vere med på å prege heile oppgåva då det er også bakgrunnen for oppgåva mi. Eg har valt å ta for meg eit tema som eg brenn for, og det er noko eg sjølv vil at skal vere ein del av praksisen min når eg byrjar i læraryrket. Vala eg har gjort i forhold til kva skule og opplegg eg vil sjå nærmare på, kjem av at eg har høyrt mykje positivt om desse, og eg ville då finne ut litt kva det er og kvifor det fungerer så godt. Dette er nok med på å «farge» spørsmåla i intervjuguiden, men eg har tatt fleire rundar for å sjå om eg stiller dei «rette» spørsmåla. Eg er medviten denne forforståinga i både intervjustituasjonen, analyse, framstilling av resultat og drøfting og har prøvd å ikkje la dette påverke analysen og framstilling av resultata.

## 4. RESULTAT

Eg har gått gjennom intervjuet og føretok og sett opp tre kategoriar ut frå hovudtendensane eg såg der. Eg stilte ganske opne spørsmål, mykje for å sjå kva informantane hadde å fortelje og kva Fri Nat gjekk ut på og kva som var interessant å sjå vidare på. Eg nyttar sitat frå intervjuet i resultatdelen.

### 4.1. Naturtilhøyre, naturkjensle, verdiar

Av grunnverdiane til Christoffer, Berit og Anne blir forhold til natur nemnd av alle tre.

Christoffer og Berit seier at ansvar for naturen er av dei viktigaste verdiane i livet. Christoffer nemner sporlaus ferdsel som nokon av dei verdiane FRI-NAT formidla. «*...vi skulle ikke legge igjen søppel i naturen, det skulle ikke synes at vi hadde vært der, vi skulle ikke etterlate spor på den måten da*». Berit meiner at FRI-NAT var med på å få fram kor viktig det er å kose seg i naturen, og det å behandle og oppføre seg fint i naturen. For å satse på eit slikt opplegg i skulen meiner David det må vere eit visst fokus på kva haldningar og verdiar ein formidlar. Blant anna nemner han kunnskap om og haldning til kvar maten kjem frå. I løpet av FRI-NAT skal elevane vere med på reinsslakting, ei næring som er viktig i kommunen. Det er viktig at elevane veit kvar maten dei et kjem frå. «*Dette her med håndtering av dyr, hva vi spiser, hvor kommer det fra? Hvor var kjøttet før det kom i butikken?*» Han opplever at fleire elevar ikkje vil vere med på slaktinga nettopp fordi det kan kjennast ekkelt. David meiner desse haldningane kjem frå dei vaksne.

Han gleder seg over alle diskusjonane og refleksjonane som oppstår gjennom turane til FRI-NAT. Blant anna er snøskuterkjøring eit tema som vekkjer engasjement blant elevar. Han peikar på: «*...skisegling, kiting, kjempegøy. Det er grønt og vi får en opplevelse av at det er en kraft som drar oss uten at vi forurensar, men jeg må og si at for noen så trur jeg scooterkjøringa er kanskje veldig viktig for å komme seg ut da, og det ene ødelegger ikke for det andre. Men jeg skjønner at vi må ta hensyn til hverandre...*». Han er oppteken av at tema som snøskuterkjøring skal kunne takast opp, for det er greit at ein er ueinige, men ein skal ikkje svarteliste noko før enn at ein har diskutert det i lag. Han meiner det handlar om å ta omsyn til kvarandre og at ein må bruke hovudet når ein gjer tinga sine nettopp fordi det får konsekvensar for dei rundt deg. Det handlar om aksept og respekt for andre.

Noko av fokuset til FRI-NAT er at elevane skal oppleve fleire delar av kommunen og dei naturområda som finst. Blant anna har dei ein topptur på fjellet Hødntind på vårparten. David

snakkar om elevar som verkeleg får ei openbaring på slike turar: «*Jeg visste ikke at det var sånn her, fader, hvorfor er det ingen som har fortalt om detta. Skal ta med mora og faren min oppå her jeg!*» Slike utsegner set David stor pris på frå elevar. Gjennom FRI-NAT vil dei selje inn det kommunen har å by på til ungdommane, og den storslåtte naturen og moglegheitene den byr på er nettopp noko av det dei kan tilby. Men David er bevisst på at det passar ikkje alle å drive med friluftsliv: «*...dette kan jeg ikke si er din lykke, det er du som må velge etterpå om dette var det. Er det det? Flott! Er det ikke det, så har du prøvd. (...) Da fikk du muligheten, og du fikk det gratis og integrert i skolegangen din.*»

## 4.2. Forhold til friluftsliv

Christoffer og Anne er tydelege på at friluftsliv er viktig for dei og av hovudinteressene på fritida. Christoffer dreiv med friluftslivsaktivitetar også på ungdomsskulen: «*Det var interesser da og (ungdomstida), (...) men brukte ikke like mye tid på det.*» Han meiner at interessa berre har auka med åra etter ungdomsskuletida. «*...det har vært en solid basis der, i hvertfall når jeg ser i forhold til mange andre. Så ja, det har nok blitt sterkere.*» Anne dreiv ikkje så mykje med friluftslivsaktivitetar då ho gjekk på ungdomsskulen, det gjekk mest i ballidrettar. Om FRI-NAT seier ho: «*...nå er jeg veldig glad for at jeg har fått vært med på det, for som sagt, på ungdomsskolen så hadde jeg ikke så stor interesse for friluftsliv og sånne ting, og det har jeg fått nå i ettertid, så jeg setter mer pris på det og kanskje fortsatt med de tingene jeg lærte der.*» Av minna frå åra med FRI-NAT er det fjellturen gjennom Jotunheimen, toppturane, elvedans, rafting, padling og kiting som står sterkest for dei tidlegare elevane. Christoffer presiserer at det var artig, mykje fordi at ein fekk prøve ting ein ikkje hadde prøvt før, og ein fekk pusha eigne grenser. Det er også ei felles oppfatning om at FRI-NAT opna for at ein fekk prøve mange aktivitetar som ein kanskje ikkje ville oppleve elles. Slik Anne poengterer det: «*Så det var litt sånn at du hadde kanskje ikke gjort det viss ikke du måtte det gjennom skolen. Men når du først fikk prøvd det, da var det kjempegøy. Så du fikk gjort veldig mye gjennom FRI-NAT som du kanskje ikke ville gjort ellers uten de tilbudene gjennom skolen, og det gjorde jo at du, ja, kanskje du fikk sansen for nye interesser da.*» Ho meiner og at det er eit poeng å ha slike aktivitetar på skulen sidan ikkje alle foreldre har interesse for friluftsliv, og ein sikrar då at alle får prøvd seg.

Sidan fjella og naturen låg rett utanfor husdøra til Berit då ho vaks opp, er ho blitt vant med å bruke naturen, men ho kjenner likevel ikkje ei «superinteresse» for det. Men ho poengterer at ho likar det og har lært av det: «*Og jeg har jo lært veldig mye da, så når jeg først er på tur så*

*veit jeg jo det, jeg kan tenne et bål, (...) jeg kan overleve da. Jeg møter mange jo mange som ikke kan det. (...) Man lærer jo å oppholde seg i naturen da, og behandle naturen og kle seg riktig. Mange sågne basic ting man lærer som jeg tar som en selvfølge, men det er absolutt ikke det. Det å kunne, å vite det at du, vite rett og slett åssen man skal kle seg, åssen man bør pakke, drikke, spise, ja man lærer mye om seg sjøl da. Hva tåler jeg? Hva liker jeg?». Det verkar som at nettopp avbrekket og kontrasten til den «vanlege» skulekvardagen var noko av det som gjorde at Anna likte satsinga: «...jeg syns det var veldig gøy, først og fremst å få gjøre litt sågne andre ting». Christoffer seier noko av det same om FRI-NAT: «...det var sånn krydder som du går og gleder deg til på skola». Anne trur at det å få «sågne andre ting innimellom» påverkar engasjementet elles i skulekvardagen også nettopp fordi du får oppleve noko som er litt i kontrast til det som skjer på skulen elles.*

### **4.3. Identitet, fellesskap og trivsel**

Initiativtakar for FRI-NAT meiner at det overordna målet skulen har for elevane som er med på opplegget, er at det skal vere med på å skape identitet og eit godt læringsmiljø. «*For vi så at vi, påstanden vår var at det var to forskjellige ting å være sammen med elevene i en klassesituasjon, eventuelt i fritida. Det var om og gjøre å koble det litt mer sammen og mer praksisfellesskap og mer å prate om og være som gruppe. Også gjøre det i skoletida og dermed treffe alle. Det er målet.*» FRI-NAT har med åra blitt eit vel etablert opplegg ved ungdomskulen. David seier at elevane kjenner eit slags eigarforhold til opplegget då dei veit kva turar og aktivitetar som ventar dei når dei kjem på ungdomsskulen: «...vet at når de kommer til 8. klasse så skal de på sykkeltur og overnatte i Smådalen. Så det er en sånn identitet, at når du går på VBU, så skal du igjennom det.» Han meiner at det blir ungdommane i kommunen «sin greie». «*Jeg påstår at de har sagt at dette er en del av identiteten som de tar med seg, de føler et samhold og de har en erfaring. Det har gått så langt at de sier:* «*Det er jaggu godt vi hadde FRI-NAT, for når jeg kom i Forsvaret kunne jeg fyre opp bål, jeg kunne fyre opp primus, jeg kunne ha på meg klær og skifte når jeg var våt og sånn. Jeg hadde liksom en kompetanse som jeg kunne bruke i andre sammenhenger.*» Han meiner at tradisjonane, historia, naturen og alt uteområdet gjer til at dette også er ein del av identiteten deira. FRI-NAT tar tak i nettopp dette. Anne seier at dei drog til mange andre stader enn der ho vanlegvis drog, så det førte til at ho fekk lyst til å dra tilbake til nokre av dei plassane. Ho lærte å sette meir pris på det som faktisk finst i Vang. Christoffer trur at opplegget kan ha vore med på å byggje identitet, for mange på hans alder set stor pris på naturen og kommunen og trur dette kan vere ein grunn til at mange har valt å flytte tilbake:

«...vi liker Vang, vi liker fjella, vi liker naturen, vi liker folka og vi liker hverandre». Anne har ei oppleving av at samhald, fellesskap, gleda av å vere i aktivitet, mestringskjensle og det å få prøve nye ting, få ansvar var hovudessensen i FRI-NAT.

Fellesskap og samhald er ord som alle informantane skildrar opplegget med. Det er tydeleg at FRI-NAT gjer noko med klassene. Christoffer meiner det er utelukkande positivt at ungdomsskulen satsar på dette opplegget. Ein av grunnane er at det er med på å byggje samhald. Ein blir kjent med klassen på ein litt annan måte enn på skulen. «...kommer gjerne på gruppe med andre folk enn du vanligvis henger med, du får sett andre sider av medelever, både på godt og vondt da. Men så er det kanskje noen av de som ikke har sine styrker i klasserommet, men de får vist mer praktiske ferdigheter i skogen for eksempel, som kan være nyttige å ha.» Anne har mykje av dei same tankane og meiner at ein lærer å samarbeide med medelevane og ein blir kjent med kvarandre på ein annan måte enn ein gjer i det vanlege klasserommet. «Det gjelder både elevene og lærerne, kommer tettere på de på en annen måte. Lærer å kjenne de på andre måter. (...) Så jeg tror klassen kommer nærmere hverandre i en sånn situasjon enn ellers hvor det er mange såinne, små grupperinger da.» Berit seier at «...vi fikk jo felles opplevelser og det gjør jo til at man får et fellesskap da (...). Jeg tror det påvirka oss ubevisst. For det er noe med å ha opplevd noe sammen». Berit meiner også at FRI-NAT-opplegget kan ha gjort noko med klassen. «...jeg tror det har gjort noe med vennskap. For som sagt var jo dette det jeg husker best fra ungdomsskola, og vi måtte jo samarbeide mye da. Og det var veldig mye samarbeid, om det ikke var det i turen, så var det lagt opp til oppgaver og aktiviteter etterpå som det var det (samarbeid). (...)og man blir plutselig, ehm, helt andre mennesker da, enn man er i klasserommet. Så jeg tror det hadde mye å si. (...) Ja, da (på FRI-NAT-tur) var vi ikke i de rollene som i klasserommet.» Christoffer nemner også desse samarbeidsoppgåvene og at det blei lagt opp til at elevane sjølv måtte ta litt ansvar. Anne trur at opplegget er med på å skape eit mykje betre miljø på skulen, sidan ein kjem tettare på kvarandre gjennom aktivitetane til FRI-NAT. Berit seier at mange av aktivitetane ville ho nok ha opplevd også om det ikkje hadde vore for ungdomsskulen, men ikkje i det same fellesskapet som ein får saman med klassen. På ungdomsskulen er det fokus på at det skal vere eit godt læringsmiljø og ei samhandling mellom elevar og vaksne. David meiner at det er viktig at kontaktlærarane deltek på FRI-NAT og at elevane og lærarane får felles opplevingar som dei kan byggje på vidare.

## **5. DRØFTING**

Det viser seg å vere eit temmeleg godt samsvar mellom dei opplevingane informantane hadde av og dei tankane dei har om opplegget. Dette stemmer også godt med mi forståing. Det viste seg at alle informantane meinte at FRI-NAT var med på å skape samhald og betre fellesskap i klassane. Variasjon i aktivitetar var også ein fordel ved opplegget då dei fekk prøvd mykje forskjellig som dei kanskje ikkje hadde prøvd elles. Alle informantane ytra at dei var nøgde med at ungdomsskulen ga eit annleis opplegg i skulekvardagen.

### **5.1. «Det var sånn krydder som du gikk og gleda deg til på skola»**

Informantane viser gjennom intervjuet at dei sit att med gode minne og erfaringar frå FRI-NAT. Som Berit seier er det dette opplegget ho hugsar best frå tida hennar på ungdomsskulen sjølv om friluftslivsaktivitetar ikkje nødvendigvis er av hovudinteressene hennar. Alle tre informantane seier noko om det at dei får oppleve forskjellige friluftslivsaktivitetar som dei kanskje elles ikkje ville oppsøkt. Christoffer hadde ei friluftsinteresse som basis før han byrja på ungdomsskulen, men Anne trur at FRI-NAT har vore med på å vekke interessa for å reise på fjellturar og drive friluftsliv. I dag er dette av hovudinteressene hennar. Christoffer meiner likevel at det breie spekteret av aktivitetar har vore med på å pushe han og dei andre i klassen til å få opplevingar dei elles ikkje ville fått. Informantane gjer eit klart poeng ut av at det er godt å få opplevingar som står i kontrast til det skulefaglege, at ein får oppleve noko annleis og at dette kanskje kan føre til at ein blir meir motivert for det andre som skjer på skulen. Skulen vil legge til rette for eit best mogleg læringsmiljø og ut frå det informantane seier kan det verke som at FRI-NAT er med på å legge til rette for eit godt læringsmiljø nettopp fordi dei også får oppleve noko anna enn det reint faglege.

Ved at FRI-NAT er eit opplegg som alle ungdomsskuleeleverne skal ta del i, sikrar dette at alle får oppleve eit breitt spekter av friluftslivsaktivitetar. Dette var noko av det Anne såg på som fordel med satsinga også, at alle elever får det same tilbodet. Undersøkingane til NINA viser at foreldre med lågare inntekt- og utdanningsnivå meiner at skulen er den viktigaste arenaen for opphold i natur og grøntområde (Skår, et al., 2014). Ved å integrere eit slikt opplegg i skulen sikrar det at alle ungdommene får erfaring med slike aktivitetar, noko som kanskje berre ein del av elevgruppa elles ville gjort.

Dei tidlegare elevane meinte at FRI-NAT var eit positivt innslag i skulekvardagen og Christoffer såg på opplegget som eit krydder som ein gjekk og gleda seg til på skulen. Det kom fram at nettopp det å gjera noko *anna* enn det vanlege også kunne vere med på å påverke engasjementet elles i skulekvardagen. Utdanningsdirektoratet seier også noko om at naturen, samfunnet og nærmiljøet rundt oss er ei verkelegheit som ein ikkje kan ta fullt innover seg om ein berre oppheld seg i klasserommet (Utdanningsdirektoratet, 2011). Ein kan argumentere for å gje elevane opplevingar i naturen nettopp fordi enkelte sansemessige og kroppslege erfaringar får ein berre ved å opphalde seg i naturmiljøet. Tordsson seier det så sterkt at opphold i naturen er naudsynt for å kunne rette opp det som det sosiale livet, industrien og byen deformerer. Han meiner at tilverret i det moderne samfunnet er med på å undertrykke det å vere menneske fordi det blir ei større distanse til naturen (Tordsson, 2006). Kanskje kan opplegg i grunnskulen som FRI-NAT fungere som ei motvekt til denne avstanden mange har fått til naturen.

## **5.2. «For det er noe med å ha opplevd noe felles, sammen»**

At FRI-NAT er eit opplegg som er obligatorisk for alle elevane gjer til at alle får prøvd mange ulike friluftslivsaktivitetar og kan finne noko dei verkeleg likar å drive med. Men kanskje endå viktigare sikrar FRI-NAT at elevane får *felles* opplevingar. Og dette er noko som alle informantane trakk fram. Dei såg på det som positivt å gjere noko i lag med klassekameratane fordi dei blei kjent på ein annan måte. Dei fekk sjå nye sider av kvarandre og kom tettare på kvarandre enn dei gjorde elles. Initiativtakar poengterer at nettopp dette er eit av hovudmåla for opplegget. Dei meiner at det er noko anna å vere saman med elevane i klasserommet enn ute på tur. Det at det er lagt opp til dei same turane kvart år på dei forskjellige trinna gjer at det blir eit slags ritual, noko som vidare kan skape sosiale band. Det å vere på tur i lag gir ei kjensle av å høyre til i eit fellesskap (Sande, 1998).

Eit anna overordna mål er at FRI-NAT skal verke identitetsskapande. Dette fordi det å nytte naturen anten gjennom jakt, reindrift, fiske, stølsdrift, toppturar eller skisegling er ein del av det å bu i kommunen, ein del av kulturen. Identitet handlar nettopp om det å høyre til ein stad, i ei gruppe, ei klasse, eit miljø, eit samfunn (Imsen, 2010). Berit kjente at gjennom opplegget til FRI-NAT blei ein betre kjent med seg sjølv med tanke på kva ein tåler og kva ein likar. Dette kan ein knyte opp mot det Imsen seier om at identitet handlar om å kjenne seg sjølv (Ibid). Er du ungdom i Vang kommune, er du også ein del av FRI-NAT, noko som blir ein del av sekken med erfaringar som du tek med deg vidare i livet. Dette meiner David gjer at det

blir ein del av identiteten til ungdommane. Christoffer er og av denne oppfatninga. FRI-NAT er med på å bygge ein identitet som gjer at dei på hans alder set pris på naturen og kommunen.

Nettopp det å gjere noko annleis i lag på skulen har blitt trekt fram av alle informantane og ser ut til å ha verdi i seg sjølv. Det at ein får ein «time out» i kvardagen og reise på tur i lag kan i følgje Sande (1998) gje oppleving av meining. Som Christoffer sa: «*Men så er det kanskje noen av de som ikke har sine styrker i klasserommet, men de får vist mer praktiske ferdigheter i skogen for eksempel, som kan være nyttige å ha.*» Dette er eit godt poeng med tanke på at den tradisjonelle klasseromsundervisninga ikkje er tilpassa alle elevar. Det å få kome ut og vise ei anna side av seg sjølv kan bidra til at fleire av elevane kjenner at dei har noko å bidra med i fellesskapet. Dette bekreftar den generelle delen av læreplanen. Berit meiner også at det gjer noko med elevane: «*...og man blir plutselig, ehm, helt andre mennesker da, enn man er i klasserommet. Så jeg tror det hadde mye å si. (...) Ja, da (på FRI-NAT-tur) var vi ikkje de rollene i klasserommet.*» Det at både rollene blir endra og elevar får vise seg frå andre sider, kan vere positivt både for identitetsutviklinga og for fellesskapet. Det må leggjast til rette for at alle elevar kan kjenne seg dugande og kjenne at dei meistrar utfordringar i skulen (Jordet, 2010). Opplæringslova seier at skulen skal gje elevane utfordringar som fremjar danning og lærerlyst (Lovdata, 2008). Med tanke på at ikkje alle handterer dei teoretiske krava like godt, kan det å bevege seg ut på ein annan arena opne moglegheitene for meistringsopplevingar. Det at elevane ved Vang barne- og ungdomsskule har gått lange fjellturar, grave snøholer, fyrt bål, slakta rein og blitt svoltne, blaute og kalde, har gjort at dei blir betre kjente med seg sjølve. Desse opplevingane gjer at dei kjenner ei spesiell mestring og har ei kompetanse som ikkje andre har. Dette er med på å bygge identitet og fellesskap.

### **5.3. «Oppføre seg fint i naturen og kose seg med det»**

Å satse på eit opplegg som FRI-NAT set skulen i ein posisjon der dei har gode moglegheiter for å ivareta fleire av måla i den generelle delen av læreplanen. Eit av måla er å skape det miljømedvitne mennesket. Det er skrive at opplæringa skal fremje gleda av å bu i eit vakkert land, storheita i naturen og det å vere i fysisk aktivitet. Det er også lagt vekt på samanhengen mellom naturoppleving og –forståing og samspelet mellom natur og menneske (Utdanningsdirektoratet, 2011). Det er bevisst vorte lagt opp til aktivitetar rundt om i heile kommunen slik at elevane skal bli betre kjent med dei moglegheitene som er i nærmiljøet. David snakkar om slike «aha»-opplevingar som enkelte av elevane får når dei er med FRI-

NAT på tur. Dei blir overraska over kor flott det eksempelvis er å reise på topptur. David meiner at det må vere eit visst fokus på kva haldningar og verdiar ein formidlar når ein leier eit opplegg som FRI-NAT. Kanskje nettopp dette er med på å gje ungdommane ein større nærleik til naturen. Ein blir meir bevisst på kva haldningar ein har til natur og bruken av denne. Initiativtakar seier at det har blitt mange fine diskusjonar med elevane rundt korleis ein nyttar naturen og nærområdet, om ansvarleg bruk av denne, utan at han vil predike og seie at noko er meir rett enn det andre. Men om ein skal kunne bolstre seg i naturen, er det avgjerande at ein også tek det ansvaret som krevst. Det verkar på dei tidlegare elevane som dei fekk inn dette med sporlaus ferdsel gjennom FRI-NAT. Det er noko av det dei hugsar frå turane. At alle dei tidlegare elevane trekkjer fram forholdet til naturen i spørsmålet om kva verdiar som er viktig i livet deira, treng ikkje ha nokon samanheng med at dei alle tok del i eit friluftslivsopplegg på ungdomstrinnet. Men det at dei har hatt positive opplevingar av å vere i aktivitet i ulike naturområde, kan føre til at ein set meir pris på desse områda. Det å setje pris på naturområde kan vidare bidra til at ein også vil verne om nettopp naturmiljøet fordi ein veit kva konsekvensane kan vere. Det gir håp om at folk faktisk vernar om det dei er glade i (Meløy, 2011). Nettopp fordi det er store miljø- og klimautfordringar, er det ein fordel at skulen er med på leggje til rette for at elevane får utvikla det Næss (1998) kallar for ei naturkjensle. Har ein ei naturkjensle, vil ein nok i større grad reagere om det oppstår trugsmål mot den naturen og arenaen for aktivitetar som ein er så glad i. Å bli kjent med naturen ilag med vaksne som har kunnskap og kompetanse innanfor område, kan gje elevane gode naturopplevingar og sunn respekt for utfordingane ein kan møte på. Det vil i så fall vere ei sunn motvekt til den avstanden mange har til naturen i dag og omgrepene Nature Deficit disorder (Fiskum, 2014).

Kva haldningar og verdiar som blir formidla gjennom eit slikt opplegg er noko initiativtakar set fokus på. Det er ein god arena for å ha diskusjonar og setje fokus på haldningar elevane har og kva skulen ynskjer å formidle. David nemner at haldningar og kunnskap til kvar maten ein et kjem frå, er noko dei lærer gjennom FRI-NAT. Elevane deltek på reinsslakting og ser kvar maten kjem frå. Dei får delta i denne prosessen. Dette gir dei erfaring og kunnskap som kan vere nyttig og bevisstgjeraende i forhold til matproduksjon og vår plass i naturen. Samfunnet blir meir urbanisert, matproduksjonen industrialisert og aktivitetar organisert og institusjonalisert. Dette skapar ein større avstand og framandgjering av naturen. Dette kan gjere det vanskelegare for unge å bli interesserte og glade i naturen (Fiskum & Husby, 2014). Samstundes kan ein ikkje lite på at det å få oppleve friluftslivsaktivitetar og ha det kjekt i

naturen er nok til at elevane også vil handle miljøvennleg. Ut frå undersøkingane gjort av Vestlandsforskning var det ikkje nødvendigvis samsvar mellom fritidsbruk av naturen og miljørelevant åtferd (Råd for øko-filosofi, 2010). Men ved å leggje opp til friluftslivsopplevelingar på skulen, vil nok sjansen for at det utviklast sunne haldningar rundt bruken av naturen vere større enn om ein ikkje får desse opplevingane.

#### **5.4. Metodevurdering**

Det at informantane er budd på at eg skal intervju dei om eit bestemt tema, kan gjere noko med dei svara eg får av dei. Intervjusituasjonen der eg intervjuer ein og ein, kan ha både fordelar og ulemper. Å ha individuelle intervju kan føre til at informanten kjenner at det er visse forventningar frå intervjuar. Temaet for intervjuet var FRI-NAT som dei deltok på for mange år sidan og tida kan vere med på å «idyllisere» opplevingane av dette. Det er mogleg at eg ville fått andre svar om eg intervjuer dei medan dei var midt oppi det. Men eg ville ha dette tidsperspektivet nettopp fordi dei kanskje har reflektert meir rundt det og ser meir verdien av det no enn då dei var 15 år. Eg ser også at utvalet mitt av informantar kan ha vore med på å påverke kva resultat eg har fått. For å kome i kontakt med informantar har eg vore i kontakt med kjenstfolk som har gitt meg namn på eventuelle informantar. Det at eg har fått tak i dei på denne måten, kan ha ført til at utvalet mitt er farga av at eg kjenner folk som har hatt gode opplevingar frå FRI-NAT. Eg meiner likevel at det var eit interessant utval å ta tak i.

### **6. AVSLUTNING OG NYE FORSKNINGSSPØRSMÅL**

Vang barne- og ungdomsskule har fått det til. Det er avhengig av så mykje: kompetanse, interesse, felles motivasjon, økonomi og tilgang til naturområde. Dette har klaffa bra i Vang kommune, og det har vore fleire pådrivarar som saman har fått til FRI-NAT-opplegget. Det har fungert så bra at prosjektet blei eit permanent tilbod ved skulen. Inntrykka eg har fått gjennom intervjuer eg gjorde, uformelle samtaler med vene som er tidlegare elevar og foreldre ved skulen, er at dei har berre positive opplevingar og erfaringar med FRI-NAT. Denne oppgåva har hovudsakleg dreia seg om forholdet elevane har til friluftsliv og kva friluftslivet bidreg med i skulekvardagen. Eg ser at friluftslivet og dei aktivitetane dei har fått tatt del i, kan bidra med mykje positivt. Frå informantane kom det så å seie berre godord om slik satsing. Det informantane trekte fram i stor grad, var interessa for friluftsliv, variasjon, styrking av fellesskap og identitetsskaping og bevisstgjering i forhold til naturen og bruken av denne. I utforskinga av kvifor ein bør prioritere friluftsliv på ungdomstrinnet har eg funne mange gode argument for dette. Ein må likevel kunne legitimere det i forhold til skulen sine

styringsdokument. Det er ikkje til å kome frå at skal ein våge å satse på noko litt alternativt i skulen, bør det kunne grunngjenvært i læreplanen. Den generelle delen av læreplanen har eg trekt fram tidlegare i oppgåva. Det er denne delen av læreplanen som set fokus på danninga til eleven. Ut frå det eg har funne ut gjennom denne oppgåva, meiner eg at friluftsliv på ungdomstrinnet kan grunngjenvært i denne delen av læreplanen. Å kunne samarbeide, bli del av eit fellesskap, skape identitet, bygge relasjonar, kjenne til tradisjon og kultur, få eit forhold til naturen og ville ta vare på denne og kjenne glede over å bu i eit vakkert land er noko av det denne delen av læreplanen fokuserer på. Dette ser eg absolutt at friluftslivssatsing i skulen bidreg til.

Denne oppgåva er berre ein liten bit av heile «den kaka» som kunne ha blitt utforska. I samtale med foreldre av ein tidlegare elev kom begeistringa for FRI-NAT tydeleg fram då eg fortalte om oppgåva mi. Ein av grunnane til begeistringa var at dette var fysisk aktivitet, men med eit anna fokus enn kroppsøvingsfaget og den organisert idretten som mange av elevane dreiv med på fritida. Nettopp det at elevane får utfalde seg og vere i aktivitet utan at det er fokus på prestasjonar og karakterar, er noko av det fine med friluftslivet. Det kunne absolutt ha vore interessant å sjå på motivasjonen enkelte elevar har for eit slikt opplegg samanlikna med kroppsøvingsfaget, særleg blant dei med liten motivasjon for kroppsøvingsfaget.

Det kjem fram i St.meld. nr. 39 at det i læreplanen ligg til rette for å drive friluftsliv i skuletida, men at det reint praktisk kan vere utfordrande å få dette til. Faktorar som plasseering, økonomi og kunnskap kan gjere det vanskeleg for skular å dra i gang slike prosjekt sjølv om ein veit at det er rom for det i skulen og fordelane er mange (St.meld. nr. 39: Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet , 2001). Det er nettopp difor eg meiner det er viktig å belyse prosjekt som har gått bra. Kanskje kan det eg har funne ut i denne oppgåva, bidra til at andre blir inspirerte til å dra i gang noko liknande. Eg veit, for min eigen del, at eg har blitt svært inspirert og motivert av å bli kjent med FRI-NAT og høyre kva tankar deltakarane har rundt det. Desse erfaringane gjer noko med min eigen tankegang og det med å sjå moglegheitene der ein er. Eg har blitt styrka i trua på at det friluftslivet som eg er så glad i, er noko eg kan nytte i skulekvarden. Eg håpar eg kan dele denne gleda med fleire.

## 7. REFERANSER

- Abelsen, K. (2002): *Uteskole og lærerprofesjonalitet. Visjoner og virkelighet.* Hovedfagsoppgåve Norges idrettshøgskole Oslo
- Alme, E. (2012). *Korleis blir friluftsliv framstilt og forstått i den vidaregåande skulen: Ein kvalitativ undersøking av korleis kroppsøvingslærarar og rektorar opplever og erfarar friluftsliv i kroppsøvingsundervisninga.* Oslo : Norges Idrettshøgskole. Seksjon for kroppsøving og pedagogikk.
- Andersen, F. Ø. (2012). *Flow i hverdagen: navigasjon mellom stress, kaos og kjedsomhet.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Bagøien, T. E. (2003). *Barn i friluft: Om verdifullt friluftsliv.* Oslo: SEBU Forlag.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving.* Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Engelsen, M. B. (2014). *Hvorfor nedprioriteres friluftslivsundervisning i kroppsøvingsfaget?* Henta frå Bibsys:  
[http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/238703/Engelsen\\_Morten%20Birkeland.pdf](http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/238703/Engelsen_Morten%20Birkeland.pdf)  
28.04.15
- Fiskum, T.A. og Husby J.A. (2014). *Uteskoledidaktikk.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Fiskum, T. A., Andersen, H. P. (2014). *Kapittel 1: Hva er uteskole? Noen begrepsavklaringer.* I T.A. Fiskum (red). *Uteskoledidaktikk.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Haslestad, K.-A. (2000). *På leting etter hva friluftsliv egentlig er- med utgangspunkt i ulike perspektiver- og med et spesielt fokus på friluftsliv i grunnskolens læreplaner.* Fagartikkel til pedagogikk hovedfag (PED 341). Henta 21.april 2015 frå:  
[www.naturliv.no/haslestad/oppgave.doc](http://www.naturliv.no/haslestad/oppgave.doc)
- Imsen, G. (2010 ). *Elevens verden: En innføring i pedagogisk psykologi.* Oslo: Universitetsforlaget .
- Jordet, A. (2010). *Klasserommet utenfor: Tilpasset opplæring i et utvidet læringsrom.* Oslo: Cappelen Akademisk Forlag .
- Kahn, P.H. (1997): *Developmental Psychology and the Biophilia Hypothesis:*

*Children's Affiliation with Nature.* Henta 22. mai, 2015 frå  
[http://faculty.washington.edu/pkahn/articles/Developmental\\_Psychology\\_Biophilia\\_Hypothesis.pdf](http://faculty.washington.edu/pkahn/articles/Developmental_Psychology_Biophilia_Hypothesis.pdf)

Kurtze, N. E.-G. (2009). *Analyse og dokumentasjon av friluftslivets effekt på folkehelse og livskvalitet.* Oslo : SINTEF Teknologi og samfunn.

Lovdata (2008) *Opplæringsloven.* Henta frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_1) 21.05.15

Louv, R. (2005). *Last Child in the Woods: Saving our Children from Nature Deficit Disorder.* London: Atlantic Books.

Meløy, S. (2011). *Klimaboka: På cruise dit verda smeltar.* Det Norske Samlaget .

Mytting, I. o. (2008). *Friluftsliv.* Oslo : Gyldendal Norsk Forlag.

Næss, A. o. (1998). *Livsfilosofi: Et personlig bidrag om følelser og fornuft .* Oslo: Universitetsforlaget.

Odden, A. (2004). *Friluftsrådene lands forbund.* Henta frå  
<http://www.friluftsrad.no/650.Friluftsliv-og-ungdom-tradisjon-og-trender.html>  
27.02.15

Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2013). *Læreren med forskerblikk.* Kristiansand:  
Høyskoleforlaget.

Repp, G. (2001). *Verdiar og ideal for dagens friluftsliv. Nansen som føredøme?*  
Dr. scient. avhandling. Norges idrettshøgskole, Oslo

Råd for øko-filosofi. (2010). *Arven og gleden: Et festskrift til naturen .* Trondheim: Tapir  
Akademisk Forlag .

Sande, A. (1998). *FRIFO.* Henta frå <http://www.frifo.no/file=1424> 24.04.15

Skaugen, R (2014). *Kap.16: Når naturen oppleves som truende i Uteskoledidaktikk.* T.A.  
Fiskum (red.) *Uteskoledidaktikk.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Skår, M., Gundersen, V., Bichoff, A., Follo, G., Pareliusson, I., Stordahl, G., & Tordsson, B.  
(2014). *Norsk Institutt for naturforskning.* Henta frå [www.nina.no:](http://www.nina.no/)  
<http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/temahefte/054.pdf> 01.05.15

*St.meld. nr. 39: Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet.* (2001) Oslo: Det kongelege  
miljøverndepartementet .

Sølvik, R. M. (2013). *Universitetet i Oslo*. Henta frå  
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/41175/PhD-Soelvik.pdf?sequence=1&isAllowed=y> 02.03.15

Tordsson, B. (2006). *Perspektiv på friluftslivets pedagogik*. Sønderjylland : CVU Sønderjylland, University College .

Utdanningsdirektoratet. (2011). *Generell del av læreplanen*. Henta frå  
<http://www.udir.no/Lareplaner/Kunnskapsloftet/Generell-del-av-lareplanen/Det-miljomedvitne-mennesket-/#a7.3> 27.04.15

## 8. VEDLEGG

### 8.1. Intervjuguide 1: Intervju med initiativtakar (David)

Bakgrunn for prosjektet, visjon, mål	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kvifor starta de opp prosjektet Fri Nat?<ul style="list-style-type: none"><li>o Visjon for opplegget</li></ul></li><li>- Korleis får de til å gjennomføre eit slikt prosjekt mtp. tid, ressursar, økonomi? Dette er jo ikkje for alle skuler.</li><li>- Kvifor satsar då nettopp dei aktivitetane som de gjer? Balanse mellom aktivitetar, kick – danning, ansvar for miljøet.</li><li>- Korleis kan ein forsvare å nytte tid og ressursar på eit slikt opplegg når det er stadig større læringspress og måling på ungdomstrinnet?</li><li>- Kva erfaring har de gjort dykk, i korte trekk?</li><li>- På kva måte knyt de fag opp mot innhaldet i turane/aktivitetane før, under og etter?</li></ul>
Forarbeid, etterarbeid	<ul style="list-style-type: none"><li>- Ser de nokon effekt av dette opplegget elles i skulekvardagen?</li><li>- Kvifor meiner de at friluftsliv på ungdomstrinnet er viktig? Kva fokusområde har de i friluftslivet?</li><li>- Kva meiner/tenkjer du er det beste med Fri Nat?</li><li>- Har skulen eit ansvar for at elevane får ta del i friluftslivet?</li></ul>

Verdiar, haldningar  Framtida	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva verdiar/haldningar er viktige for dykk å formidle? <ul style="list-style-type: none"> <li>o Nærleik til natur, tradisjonar</li> </ul> </li> <li>- Kva trur du/håpar du at elevane får ut av Fri Nat?</li> <li>- Her og no og i framtida? Miljøbevisstheit, naturglede, kjærleik til bygda</li> </ul>
Kunnskapsløftet/ Generell del av læreplanen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- I Generell del av læreplanen står det eit eige avsnitt som heiter «Naturglede». Er dette noko som beskriv opplevingane i Fri Nat?</li> <li>- Er Fri Nat eit opplegg som har forankring i generell del av læreplan, eller er dette forankra i lokal læreplan her på skulen? Kunne det ha vore mogleg for kva som helst skule?</li> </ul>
Det allmenndanna menneske	<ul style="list-style-type: none"> <li>- I kor stor grad forankrar de Fri Nat i den generelle delen av læreplanen evt. Lokal læreplan/sosial læreplan?</li> </ul>
Det miljømedvitne mennesket	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Trur du prosjektet formar elevane slik den generelle delen seier at skulen skal forme elevane?</li> </ul>
Det samarbeidande mennesket	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kan dette prosjektet gjere til at denne ungdomsskulen sikrar generell del i større grad enn andre skuler?</li> </ul>
Det integrerte mennesket	

## 8.2. Intervjuguide 2: Intervju med tidlegare elevar

Interesser	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva liker du å drive med på fritida/ kva interesser har du?</li> <li>- Kva interesser hadde du på ungdomstrinnet?</li> <li>- Kva minner har du frå Fri Nat-prosjektet på Vang barne- og ungdomsskule?</li> <li>- Kva synest du om desse turane/ denne satsinga? <i>Då og no?</i></li> </ul>
------------	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Har Fri Nat gitt deg nokon opplevingar som du har tatt med vidare/ opna nye dører? Gitt innsikt som du har bygd på vidare? Eks kiting.</li> <li>- Kor ofte driv du med friluftslivsaktivitetar? <ul style="list-style-type: none"> <li>o Evt. kva type friluftsliv driv du?</li> </ul> </li> <li>Forhold til friluftsliv <ul style="list-style-type: none"> <li>o Har det gjort noko med verdiane dine?</li> <li>o Forhold til andre? Medelevar?</li> </ul> </li> <li>- I så fall, på kva måte? Identitet, tilhøyring, interesse for natur og miljø, vennskap, læring. (Haldningar til natur, miljø)</li> <li>- Har Fri Nat endra ditt syn på heimbygda?</li> <li>- Har du nokon grunnverdiar som du kan identifisere deg med/som er betydningsfulle for deg?</li> <li>Arenaer for sosialisering til friluftsliv <ul style="list-style-type: none"> <li>- Trur du at Fri Nat har vore ein inngang for friluftslivsaktivitetar for deg eller ville du oppsøkt dette på andre arenaer?</li> </ul> </li> </ul>
Den generelle delen av læreplanen	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Var det fokus på områder utover sjølve turen, aktivitetane?</li> <li>- Fokuserte Fri Nat på verdiar som samhald, samarbeid, miljøbevisstheit?</li> <li>- Kvifor har du flytt tilbake til Vang kommune?/ Kunne du tenke deg å flytte tilbake, evt kvifor?</li> </ul>